



**På Kjerlandsido står ein botanisk attraksjon - eit apeskrekktre - og strekkjer ut dei spisse fingrane sine. Ein kan lett forstå at apene har problem med å boltra seg i eit slikt tre. Men kva for slags tre er eigentleg dette, som det står nokre få eksemplar av rundt om i landet?
Som så mykje anna kjem det frå Sør-Amerika, nærare bestemt frå Andesfjella i Chile og Argentina**

Det er eit bartre som heiter *Araucaria araucana* på latin og som har tre slekter - *Araucaria*, *Agathis* og *Wollemia*. Den siste slekten omfatter mellom anna ein berømt art som heiter *Wollemia nobilis*. Den er kjent gjennom fossilar frå nesten identiske artar frå den tida då dinosaurane spankulerte rundt på jorda. Og ikkje nok med det: I 1995 vart det funne 20 levande individ i ein djup bergsprekk ikkje langt frå Sidney.

Apeskrekktreet kan leva i kyststråk i vårt land - der vinteren ikkje er for hard. Det vart først teke i bruk som eksotisk park- og hagetre i vår verdsdel på 1800-talet, kanskje tidlegare. I Noreg er det eksemplar av treet mellom anna også i Flatdal i Telemark, Bergen og Ringve i Trondheim.

I filmen *Jurassic Park* nytta Steven Spielberg apeskrekktreet som botanisk kulisse.

Treet på Kjerlandsido står på Myklebust og eigar er Hans Reidar Kjærland som kjøpte garden og dermed også treet ved årtusenskiftet. Det var Astrid og Toralf Nerhus som kjøpte og planta det for rundt 40 år sidan. Det har tidlegare stått eit slikt tre også på Feet

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen